



Dato: 29.09. 2015

Frå: Vigdis Rotlid Vestad

Ref.: 2014//FMMRVIVE

Til: Medlemmar av Tenketanken

Referat fra møte nr. 3/2015

Dato: 29.09.15

Tid: kl. 15.00 til 18.00

Sted: Scandic Seilet hotell, Molde

Til stede: Ingunn Golmen ordfører Aure/leder for ORKide, Torill Ytreberg, regiondirektør NHO, Petter Ingeberg, prosjektleder kommunereform Kristiansund kommune, Alf Åge Berg, rådgivar KS, Torgeir Dahl ordfører/leder i ROR, Knut Haugen, rådmann Surnadal, Arne Sverre Dahl, rådmann/vara for Rune Sjugard, Britt Rakvåg Roald, daglig leder ROR, Andrea Lode, prosjektrådgivar ROR, Roland Mauseth, prosjektleder ORKide, Erlend Krumsvik, prosjektleder, Jan Kåre Aurdal, daglig leder Ingvild Liadal, prosjektmedarbeidar og Anne Mette Liavåg, prosjektleder, alle Sunnmøre regionråd, Geir Ole Kanestrøm, opplæringsansvarlig Fagforbundet i Møre og Romsdal, Rigmor Brøste, ass. fylkesmann, Martin Mortensen og Sissel Hol, seniorrådgivarar hjå Fylkesmannen, Frida Brevik, rådgivar og Vigdis Rotlid Vestad, prosjektleiar begge Fylkesmannen,

Forfall: Knut Støbakk, ordfører/leiar KS, Anders Riise, ordfører/leder Sunnmøre Regionråd, Ole Helge Haugen, fylkesplansjef i fylkeskommunen, Rune Sjugard, rådmann/leder i KS-rådmannsutval, Åse Kristin Ask Bakke, representant frå Ungdomspanelet i Møre og Romsdal, Turid Aarseth, førsteamanuensis og representant frå Høgskulane i Møre og Romsdal, Gunnar Bendixen, regiondirektør KS,

Innleiarar: Trygve Sivertsen, direktør PwC, Rigmor Brøste, Vigdis Rotlid Vestad,

Referent: Vigdis Rotlid Vestad

Innspel til fylkesmannen frå gruppearbeid

- Politisk leiarskap er det viktigaste no framover
- Det å kunne løfte «blikket» og sjå framover i tid
- Viktig å skape klima for tillit
- Alle ordførarane i fylket bør samlast no etter valet. Fylkesmannen må kalle inn/invitera alle nye/gamle ordførarar og varaordførarar.
- Ein må begynna å snakke «opp» reforma
- Det er viktig med god «folkeopplysning» ut til folket
- Kva er motivasjonen til å arbeide med kommunereforma? Det må avklarast kva som kommunane no er usikre på – for å skape ny motivasjon i arbeidet med kommunereforma.
- Kommunar som allereie har bestemt seg for å stå som eigen kommune bør ikkje vere med i dei vidare forhandlingane

- Det må ei ny presisering til frå regjeringa i forhold til mandatet til kommunane og fylkesmannen
- Det bør vurderast å legge inn ei gulrot i forhandlingane. Samferdsel er ei viktig gulrot for kommunane i Møre og Romsdal
- Kommunane kjem ikkje lenger no med nabopratar – dei må no inn i reelle forhandlingar når dei «treffest» neste gong
- Fylkesmannen må bli tydeleg på kva 0-alternativ som ikkje kjem til å tilrådest
- Ein forventar tydeleg styringssignal om økonomi og gjennomføring av kommunereforma
- Ein forventar også tydelegare signal på kva slags konsekvensar det blir for ein kommune «å hoppe av» prosessen – og ikkje vedta endring
- Er kommunereforma eit mål – eller eit middel?
- Kommunane og regionråda må no sørge for oppdatert info til fylkesmannen om prosessen
- Fylkesmannen må sette av ressursar og prioritera å gje kommunane raske tilbakemeldingar på spørsmål, råd og rettleiing

Nokre notatar frå diskusjonane

- Kor streng skal ein vere på utgreiingsfristen?
- Lokalvalet no ber preg av at folket ikkje syns noko om den pågåande sentraliseringa vi ser, eks. kommunereform, politireform, sjukehusreform mv.. Har sjukehusstruktur i Møre og Romsdal eks. vis noko å seie i debatten om kommunereforma?
- Korleis kan vi løfte kommunereforma opp eit hakk?
- Kva er langsiktige behov for vår region (her: fylket)?
- Bestillinga omkring kommunereforma er uklar frå regjeringa og storting. Vi må få meire tydelegheit!!!
- Kan ein utgreie 0-alternativet utan å vite noko meir om dei økonomiske virkemidlane det vil bli å stå «som frivillig åleine»?
- Stortinget bør respektere den enkelte kommune sine vedtak
- Kva skal være motivasjonen for å gå inn i slike krevjande prosessar?
- Kva for mål er viktigast? Kommuneøkonomi er viktig – gjeldsporteføljen er viktig for folket?
- Går vi mot meir styrka lokaldemokrati – eller meir statlig styring?
- Kommunen har 450 lovar å ta omsyn til
- Korleis i vareta eit godt lokaldemokrati? Er det suksesskriteriet?
- Små kommunar – skvisa for sjukepleiarar og ingeniørar – korleis skal ein klare å oppretthalde ei fagleg forsvarlig teneste i slike kommunar?

Innspel til forhandlingar frå Trygve Sivertsen, direktør PwC

- Partia på Stortinget har ulike agendaer i tilnærminga til kommunereforma
- Vi må lære av tidligare samanslåingar
- Å samle mange til debatt i ulike fora er viktig omkring temaet kommunereform
- Bruke kart i arbeidet med kommunereforma - blir meir begripelig – kan bruke kart på mange vis: befolkning, arbeidsmarknad, næringsliv. Det er god pedagogikk.
- Kva betyr identitet for deg?
- Mange typar aktiviteter må identifiserast – det tek vare på eigenarten i prosessen
- Aktiv prosessdesign er viktig
- Tydeliggjere rammene for den kommunale prosessen

- Klargjøre styringa. Korleis skal arbeidsfordelinga i ein ny kommune sjå ut. Kva med nærmiljøet? Korleis organisere dei ulike tenestene?
- Vis konsekvensane for dei ulike retningsvala. Vis kva vi er gode til – kva vi får til – og kva får vi ikkje til så bra i noverande kommune.
- Felles forståing for framdrift – ein må tåle å stå løpet ut!